

STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE
Gota 16
6823 SANDANE

Dato 20.01.2022
Vår referanse 2022/5741-5
Dykkar referanse
Sakshandsamar Eva Moberg
E-post
Telefon

Driftstønad til institusjonar / organisasjonar innan kunst-, kultur- og idrettsfeltet over Vestland fylkeskommune sitt budsjett 2022

Vi viser til dykkar søknad om driftstilskot for 2022.

Budsjettet for Vestland fylkeskommune 2022 vart vedteke i Fylkestinget 14.12.2021, sak 109/20. Rammene for tilskot vart då vedteke. Dykkar søknad vart handsama i Hovudutval for kultur, idrett og integrering som gjorde endeleg vedtak om tilskot i møte den 13. januar 2022, sak 1/2022 *Budsjett 2022 - endringar og fordeling av driftstilskot*.

Hovudutvalet har tildelt Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane eit driftstilskot for 2022 på

kr 15.803.960,-

FØRESETNADER FOR TILSKOTET:

- Til grunn for tilskotet ligg dykkar søknad. Eventuelle vesentlege endringar skal meldast til avdeling for Kultur, idrett og inkludering.
- Dersom drifta vert vesentleg endra, eller at det vert påvist tydelege feil eller manglar, kan heile eller deler av tilskotet krevjast betalt attende.
- Dei regionale kulturplanane for tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune er styrande for tildelingar.
- Det skal sendast inn rapport for tilskotet slik det vert omtala nærare i dette brevet.
- Det er ein føresetnad for tildelinga at krav til god økonomiforvaltning, kontroll og rapportering vert følgt.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Vestland fylkeskommune er tilskotsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <https://www.vestlandfylke.no/om-oss/grafisk-profil/>. Sjekk at de brukar Vestland fylkeskommune sin gjeldande logo, og på rett måte.
- Vi gjer merksam på at dersom verksemda mottar meir enn 50 % av inntektene frå det offentlege, vert verksemda omfatta av Lov om offentlige anskaffelser.

RAPPORTERING

Det skal sendast inn årleg rapport med rekneskap og årsmelding seinast innan 1. mai kvart år. Dersom årsrekneskap og årsmelding for 2021 ligg føre innan søknadsfristen 15. mars 2022, ber vi dykk legge desse med som vedlegg til søknaden. Om ikkje må desse ettersendast straks dei ligg føre.

UTBETALING

Om ikkje anna er avtalt vert tilskot betalt ut i løpet av 2.kvartal. Når det gjeld tilskot på meir enn 1 million skjer utbetaling 2 – 4 gongar årleg.

Det vert elles vist til Hovudutval for kultur, idrett og integrering sitt vedtak sak 1/2022 - endringar og fordeling av driftstilskot

<https://prod01.elementscloud.no/publikum/Documents/ShowMeetingDocument/5428509b-983e-4fc6-af67-17eac8de8881/10/MP>

Klage

Det er høve til å klage på vedtaket innan tre veker etter at de har motteke dette brevet. Ein eventuell klage skal sendast til Vestland fylkeskommune på e-post til post@vlfk.no. Klagen må merkast med saksnummer 2022/5741.

Klagen må innehalde opplysningar om

- kva vedtak ein klagar på
- kva endring ein ønskjer
- kvifor ein klagar
- andre opplysningar som kan telje med når klagen skal vurderast

SØKNAD FOR 2023

Søknad om fylkestilskot for 2023 skal sendast Kultur, idrett og inkludering **innan 15. mars 2022**.

Elektronisk søknads-/registreringsskjema som vert tilgjengeleg på

<https://www.vestlandfylke.no/tilskot/> skal nyttast. Her vil det bli lagt ut ytterlegare opplysningar om søknadsprosessen. Vi vil oppmode om at de vitjar nettsida i god tid før søknadsfrist.

Søknaden vert handsama som ein del av den totale budsjettprosessen for budsjett 2023. Eit driftstilskot til ein einskildorganisasjon/-institusjon over fylkeskommunen sitt kulturbudsjett er ein eigen post i det årleg detaljbudsjettet.

Vi gjer merksam på Vestland fylkeskommune har ei rekkje andre tilskotsordningar retta mot kunst- og kulturlivet, m.a. meir tiltaks- og prosjektretta ordningar. For meir informasjon om dette, sjå

<https://www.vestlandfylke.no/tilskot/>

Med helsing

Per Morten Ekerhovd

avdelingsdirektør
Kultur, idrett og inkludering (KII)

David J Aasen Sandved

seksjonssjef
KII - Kulturarv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift